



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 53
6801 FØRDE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/389 - 17/4405

Saksbehandlar:
Jostein Klette
jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:
11.05.2017

Uttale - søknad om konsesjon til bygging av Gjerstadfossen kraftverk

Vi viser til dykkar brev dagsett 17.02.2017. Saka gjeld søknad etter energilova og vassressurslova for bygging av Gjerstadfossen kraftverk med inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon med meir.

Osterøy kommune er falleigar og leigar ut fallrettane til Gjerstadfossen kraftverk AS. Kommunen vil uavhengig av dette kome med merknadar til konsesjonssøknaden.

Kommunen si vurdering

Vasskraft er ei fornybar energikjelde som vil vera viktig for overgangen til eit samfunn som er tufta på fornybare energikjelder. Samstundes er det store natur-, landskaps- og friluftslivsinteresser knytt til vassdrag som ein må ivareta.

Søknaden manglar konkret lokalisering av røyrgate, kraftstasjon med tilhøyrande infrastruktur. Når søknad om konsesjon vert sendt på høyring er dette informasjon som bør vera avklart fordi det har stor betydning for uttalen.

Medverknad

Kommunen ynskjer å vise til at NVE bør tilrettelegga for medverka, spesielt gjeld dette for partar som er direkte berørt. Enkelte grunneigarar har fått direkte varsel medan andre grunneigarar ikkje har fått direkte varsel om søknaden. Det er ikkje grunngjeve kvifor dei ulike grunneigarane som er berørt av tiltaket er behandla forskjellig. Kommunen meiner at NVE bør gje alle grunneigarar lik mulighet til medverknad.

Utgreiing av støy

Kommunen har gjeve løyve til oppføring av bustadhus 50 m nord for planlagd kraftstasjon. Det må i samband med dette utgreiast støy i høve til planlagd kraftstasjon i henhold til rettleiar T-1442. Dette er ikkje gjort i søknaden.

Hydrologiske målingar

Det ligg berre føre hydrologiske målingar frå Gjerstad i perioden 1975-1982. Ut over dette er det nytta referansevassdrag til å anslå vassføring. Dette gjer at det er knytt stor usikkerhet til vassføring gjennom året, avrenning i nedbørfeltet, berekning av produksjon med meir. Frå kommunen si side hadde det vore ynskjeleg med betre måledata slik at usikkerhet knytt til vassføring hadde vore minst mogleg, og at ein difor kunne vurdert betre kva verknadar ei utbygging i vassdraget vil ha.

Landskap

Elvelandskapet ved Gjerstad er eit viktig element i kulturlandskapet rundt Gjerstad. I NVE sitt høyringsdokument for verneplan for vassdrag er Gjerstadfossen trekt fram som eit viktig landskapelement. Det er difor viktig å ha ei viss minstevassføring slik at ein ivareteke fosselandskapet. Landskapet er nært knytt til naturmangfaldet og det bør takast særskilt omsyn til vintererle og fossefall ved inngrep og utbygging i området. Utsprenging eller fylling i og nær elveløpet må derfor unngåast.

Friluftsliv

Verknadar for rekreasjon og ferdsel er ikkje tatt opp i konsesjonssøknaden. Kommunen ynskjer å kome med nokre utfyllande opplysningar i høve til friluftsliv og bruk av området. Det går ein merka turveg langs vassdraget i dag med parkering ved kyrkja på Gjerstad. Her er det sett opp skilting og informasjonstavle. Stien vil fleire stader krysse planlagd rute for røyrgate. Området er lett tilgjengeleg for friluftsliv og har stort potensiale som eit lågterskeltilbod og folkehelsetiltak.

Elva og fosselandskapet er ein viktig del av turområdet med mulighet til å kome tett på vassdraget. Redusert vassføring vil ha ein stor verknad på turopplevinga. Ein bør difor vurdere ei minstevassføring som reduserar den negative verknaden for friluftsliv.

Etableringa av røyrgate og anleggsveg må ta omsyn til friluftsliv i området. Det må etablerast god tilgong til turområdet og ikkje setjast opp hinder som har negativ verknad for friluftsliv, desse omsyna må og takast i anleggsperioden.

Landbruksverdiar

Området er for ein stor del landbruksareal og planteskog. Kraftstasjonen er tenkt lokalisert på fulldyrka jord. Røyrgate vil gå gjennom innmarksbeite og område som for ein stor del er nytta til

juletreproduksjon. Egedomen der kraftstasjonen er tenkt lokalisert har lite landbruksareal, og det er difor viktig at minst mogleg landbruksareal vert bygd ned.

Kommunen meiner at lokalisering av kraftstasjon må i minst mogleg grad byggje ned jordbruksareal. Slik lokaliseringa er vist på skissene vil dette innebera ei lokalisering midt inne på jordbruksareal. Lokalisering av stasjonen bør trekkast mest mogleg opp langs elveløpet og inn mot overgangen til innmarksbeite slik at minst mogleg fulldyrka jord vert bygd ned. Tilkomstveg må òg leggast slik at minst mogleg fulldyrka jord vert bygd ned.

Røyrgate må gravast ned for å sikre at innmarksbeite og anna jordbruksareal kan nyttast til landbruksføremål.

Anadrom fisk

I søknaden er det vist til at det eksisterar småfallen aure. Kommunen vil peika på at området ved planlagd kraftstasjon er del av strekning for anadrom fisk og at denne strekk seg opp til fyrste fossen over planlagd lokalisering for kraftstasjonen. Kommunen har foretatt elektrofiske på den aktuelle elvestrekninga opp til fyrste fossen og det vart her både fanga laks og sjøaure.

På bakgrunn av at den aktuelle elvestrekninga ved planlagd kraftstasjon er nytta av laks og sjøaure må det gjennomførast avbøtande tiltak slik at det ikkje er fare for negativ verknad for anadrom fisk. Utslepp av vatn må lokalisert til høl under fyrste fossen. Det bør i tillegg etablerast tersklar nedstraums for kraftstasjonen slik at laks og sjøaure får fleire stands plasser og betre leve- og oppvekstområder.

Elvemusling

Loneelva har tidlegare hatt ein stor bestand av elvemusling. I dag er bestanden sterkt redusert og rekna som truga. Bestanden er lokalisert nedstraums for Gjerstad, mellom anna ved Stilla og ned mot sjøen. Nedgangen i bestanden skuldast utslepp av finstoff som fører til nedslamming av leveområder og/eller utslepp av næringsstoff frå landbruk. Elvemuslingen er sårbart for inngrep i vassdraget oppstraums. Difor er heile Loneelva lagt inn som Omsynssone for bevaring av naturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Ved anleggsarbeid må det setjast krav til gjennomføring av tiltak som hindrar avrenning av finstoff til vassdraget. Det bør etablerast sedimentasjonsbasseng, sandfang og/eller naturleg filtrering av overflatevatn for å hindre tilførsel av finstoff til vassdraget. Det bør setjast krav om at område som er berørt av graving vert tilplanta snarast mogleg for å hindre erosjon og avrenning av næringsstoff og finstoff.

Naturmangfald

Det er mellom anna vist til kommunen sine kartleggingar i referansane. Kommunen vil her kommentera at desse kartleggingane heilt sikkert har manglar og at kartleggingane er ikkje fullstendige. Det må difor alltid leggast til grunn at det kan vera ikkje-registrerte artar innan området.

Det er registrert hekkande Fossekall og Vintererle i det aktuelle området som skal byggast ut. Ved kanalisering av bekkar og små elver og tørrlegging av fossar i samband med utbygging av småkraftverk, blir svært ofte fossefallens hekkeplass forringa eller ubrukelig. Det er i søknaden peika på at planlagd minstevassføring kan vera utilstrekkeleg for at vintererle og fossefall skal kunne hekka innan planområdet. Det er føreslege å setja opp rugekasser som eit avbøtande tiltak.

Det er svært sannsynleg at det er ål i vassdraget nedstraums planlagd kraftstasjon. Verknadane for ål er ikkje skildra i søknaden. Ål er ein raudliste-art og konsekvensane for denne bør difor drøftast i søknaden. Det er sannsynleg at planlagd tiltak kan ha ein negativ effekt på naturmangfald. Minstevassføringa bør difor aukast slik at dei negative verknadane vert minst mogleg. Minstevassføring bør minimum vera lik 15-percentilen.

Samandrag

Osterøy kommune stiller seg positivt til å leggja til rette for ein auka produksjon av fornybar kraft. Samstundes har elva ved Gjerstad mange ulike omsyn som skal balanserast opp mot utbyggingsomsyn.

Difor har rår kommunen til at:

- kraftstasjonen vert flytta opp mot innmarksbeite slik at mindre fulldyrka mark vert bygd ned
- utslepp av vatn frå kraftstasjonen må lokaliserast til rett under fyrste foss
- det vert etablert tersklar nedstraums for kraftstasjonen
- røyrgata vert gravd ned i heile si lengde
- minstevassføring bør aukast frå 5 percentilen til minimum 15 percentilen gjennom heile året
- det bør etablerast sedimentasjonsbasseng, sandfang og/eller naturleg filtrering av overflatevatn for å hindre tilførsel av finstoff til vassdraget i anleggsperioden for å hindra erosjon og avrenning av finstoff til vassdraget
- anleggsperioden vert lagt til den årstida der negativ verknad på naturmangfald er minst mogleg

Med helsing

Laura Ve
seksjonsleiar Plan og Teknisk forvaltning

Jostein Klette
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Postboks 7310 5020
Postboks 7900 5020

BERGEN
BERGEN

Mottakar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 53

6801

FØRDE

476#2885:53abaa00-bac7-44f8-a494-2597f0568335:7

